

Referat frå styremøte i Herand Bygdelag 14.08.2018

Til stades: Gunnar Dalseth, Marta Samland, Angunn Handegard Trå, Sigmund Eiken, Thorleif Gjernes, Liv Bente Steiro og Kaia Gulbrandsen

Meldt forfall: Jan-Tore Huus

Referent: Kaia

Sak 2018/42: Godkjenning av innkalling og dagsorden; godkjent.

Sak 2018/43: Godkjenning av referat frå styremøte 12.06.18; godkjent

Kommentar til sak 2018/38, jonsok. Styret vil ta det opp som sak på felles planleggingsmøte for laga i januar korleis me vidare sikrar at det vert laga ein komite som syter for jonsokfeiring i Herand.

Sak 2018/44: Tilstellingar:

- Oppsummeringsmøte etter turistsesongen i Herand
Bygdelaget tek initiativ til å invitere til eit ope møte for alle med drift/interesse innan turisme i bygda tysdag 25.09 kl. 19.00 i matsalen på kulturhuset. Servering av kveldsmat. Det vert send invitasjon til turisttilbydarar og hengt opp invitasjon til alle.
- Status haustmarknad 6. oktober;
Hardanger Big Band er klare for konsert. Angunn har kontakt med mat- og husflidsprodusentar. Det jobbast med å skaffe fleire medhjelparar – har nokon lyst? Ta kontakt med styret. Det vert kafe og komlemiddag.
- Romjulsbasar 29.12. – førebuing, ansvar. Lurt å vere tidleg med å skaffe gevinstar.

Sak 2018/45: Eigedomar, investeringar

- Liv Bente Steiro har sagt opp leigeavtalen for Libe i den gamle barnehagen frå 1. september. Ein potensiell leigetakar har spurt om å få leige lokale i kulturhuset som arbeidsrom, han får ein visning over moglegheitene.
- Me jobbar framleis med å få til ein avtale med det gamle fruktpakkelaget ved Jon Steinar Skeie for overføring av skøyte på Meieriet til bygdelaget.
- Kramsjø har gjort ein avtale om sal av sine eigedomar på kaia til eit ektepar i Bergen, med intensjon om framtidig drift (inkludert Meieriet). Overtaking vert ikkje før over årsskiftet.
- Det vert det generalforsamling i Herand Landhandleri 30. august. Det er Bjørsvik som er ansvarleg for innkalling. Han ynskjer eit styremøte i selskapet same dag. Gunnar Dalseth har gjort framlegg om å gjere ei undersøking (via spørjeskjema e.l.) for å sikre tilbakemeldingar frå folk i Herand om butikkdrifta. Drivstoffanlegg er på gang, tanken er komen til bygda.

Sak 2018/46: Økonomi / stønad / fristar:

- Måling av båtbyggjarmuseet er avslutta, gåvemidlar frå Sparebankstiftinga Hardanger er overført til bygdelaget

- MVA-kompensasjon; frist 1. september. Forslag: Angunn og Gunnar samarbeider om å sende søknad

Sak 2018/47: Senkeapparat:

Bygdelaget har hatt ein korrespondanse med kyrkjeverje Laila Bergsagel om senkeapparatet for gravferder på kyrkjegarden som kyrkjekontoret meiner at bygdelaget har fått i gåve frå pensjonistlaget. utfordringa er kven som er ansvarleg for å handtere senkeapparatet under gravferd. Konklusjonen er at dei vil ta det opp med pårørande ved gravferder, og spørje om pårørande vil at senkeapparatet skal brukast. I så fall er pårørande / gravferdsbyrå ansvarlege for å skaffe folk som kan bruke det. Teknisk etat legg apparatet på plass når det er ynskje om det ved gravferd og sjekkar at det verkar. Bygdelaget sjekkar apparatet på vårdagnaden og er ansvarleg for vedlikehald av det, og skal lage lett tilgjengeleg ein enkel og lettfatteleg instruks.

Sak 2018/48: Eventuelt:

Kulturstien; det er trong for rydding av rotvelter og slåing av høgt gras i nedre del. Gunnar spør på facebook om å få til en dugnad med nokon motorsagkyndige og «mannen med motorljåen».

Vi vil lage ei markering for å takke Kramsjø når dei skal reise frå bygda.

Neste styremøte tysdag 11.09.18 kl. 19.30 på Herand kulturhus.